

KVIAGARDEN

TOBIAS SKRETTING

Mange har vore og er med i arbeidet med å omskapa Kviagarden til ein levande museumsgard. Men ingen har vore med på arbeidet med same utgangspunkt som Tobias Skretting. For han er Kviagarden blitt eit krysningspunkt mellom lokalhistorie, eiga slekt og museumsarbeid. Det er difor interessant å følgja hans tankar og få dela av hans kunnskap om garden.

Dersom ein skal fabulera noko om opphavet til garden, må ein nok minst 3–4 000 år attende i tida, til etableringa av den første faste busettinga på Jæren. Ein kan då sjå for seg dei første sentralgardane i området: Varhaug, Bø og ein gard ved nedre del av Hå-åa, Njærheim/Hå. Lendet er flatt og oversiktleg. Og står ein på Hanaberget, kjem refleksjonane av seg sjølv. Den markante høgda ligg omlag midt mellom desse 3 gardane. Og sjølv om det truleg var mykje skog i området i den tida, var det nok alt då råd å etablera Hanaberget som ein vaktplass. Ein slik funksjon kan nok også vera opphavet til namnet.

Og bonden på Bø, eller kanskje folka på fleire sentralgardar, såg nok snart verdien av å etablera ein ny gard i dette grenseområdet. Denne garden er det godt råd å sjå att på dagens økonomiske kartverk. Ein vil der sjå at gardane Audamotland, Kvia m/Rongjå, Motland, Skjærpe og Lode har ei felles ytre grense og at dei alle går inn til Audamotlandstjørna. Det ligg nokså nær å tolka dette som at opphavet til desse gardane er å finna i garden ved tjørna.

Audamotland vart busett etter øydeperioden tidleg på 1600-talet. Omlag 100 år seinare kjem det også ny

busetnad på den særmerkte husmannsplassen Høneland. I Høneland var det tufter og andre spor etter busetnad like frå folkevandringstid. Og eg reknar med at det må vera samanheng mellom namna Hanaberget, Høneland og namnet på garden ved tjørna.


Ettersom eg ikkje er ein skulert vitskapsmann, tillet eg meg å fabulera nokså fritt om emnet. Eg vil tru at det fagleg sett er korrekt å rekna namnet Audamotland som ein nykonstruksjon etter at det gamle namnet på garden hadde gått i gløyme boka. Men eg reknar med at den markante høgda Hanaberget lettare har halde på eit opphavelig namn. Det ligg då nær å tenkja seg namnet **Hana** på garden ved tjørna, og vel også på den luten av garden som seinare fekk namnet Audamotland.

På kartet ser ein at eit område ved Klauhaugane bryt med grenselinene inn mot tjørna. Dette har då truleg vore tunområdet for den gamle Hanagarden. Og ved kløyvinga av garden har så ein part av garden site att både med det opphavelige tunet og det opphavelige namnet – **Hana**, seinare Audamotland.

Eit anna moment i denne fabuleringa er Kvia som tingplass og skipreidegard. Eg har nemnt at det kanskje kunne vera interessene til fleire sentralgardar som

Utsikt til bruk nr. 6 på Kvia frå jernbanen i 1950 åra.





Kart over dagens gardsgrenser, viser at desse gardene utgjer ein heilskap. Teikning: H. Løland. * Jærmuseet.

låg bak etableringa av Hana. Kanskje slik at dette alt frå den første tida har vore ein fredhelga stad der ein kunne koma saman og verta samde om naudsynlege reglar og avtalar. I eit slikt system kan også Klauhauganlegget ha hatt ein funksjon.


Eg har nå kome fram til at Hanagarden er delt opp i 5 gardar, rimelegvis i folkevandringstida. Og nå til sjølve Kvialen. For å få eit så rett bilet som mogleg av garden, må ein då først prøva å sjå for seg området slik det var før det store ombrøytet i nyare tid.

Dei viktigaste endringane ein må forhalsa seg til er store grus- og sandtak som har endra mykje av topografin, dyrking, senkning og oppretting av bekker og anna kanalisering, oppfylling av delder, jernbanelina som skjer seg gjennom med djupe skjeringar og høge fyllinger, og moderne veganlegg som også verkar som demningar for tidlegare tiders vassig og bekkeløp.

Det gamle Kvialen var særmerkt av store sandholar, vide marker med dalsøkk og myrar og hovubekken som kjem ned frå Kvialalen. I gammal tid var denne bekken heilt annleis enn i dag. Vassføringa var større, mest som ei lita å å rekna. Og nedanfor dalen delte bekkefaret seg i to bekkefar som fløynde kring ein stor, turr holme. Denne holmen har vore ei naturleg nattekve for husdyra på Hanagarden alt frå førsten av og namnet Kvialen har nok også opphavet sitt frå før området vart ein eigen gard.

Før vegen frå Kvialen til kyrkja vart bygd, var det vanleg at store flaumar gjekk over marka til Audamotlandstjørna på det lågaste ved Lars Ødemotland. Og det ligg nær å tru at bekken, eller ei grein av bekken, ei gong i tida har gått inn i tjørna og vidare nedover dalsøkket mot Vigre. Bekkefaret frå tjørna vart i nyare tid grave djupare for å føra vatn til havregrynsmølla på Vigre.

Om Kvialen som tingplass vitnar Tingsteinen og Tingstova i det gamle huset på br.nr. 5. Der var det også fleire gjenstander som minna om Kvialen som skipreidegard. Peder Kvialen, f.1920, fortel at på stolpebua låg det minst 2 bajonettar og ei mengd med munnladningsbørser, både heile og avbrotna. Han fortel at dei eingong var sør i marka og volte opp steingardgjerde og hadde med seg 4 børsepiper som vart brukte som gjerdestolpar på steingarden.



Kartet viser plasseringa av dei ulike brukna på Kvialen. Kartgrunnlag: Tobias Skretting..

Dette var nok saker som var flyttet over frå gamlehuset. Det vart rive omlag år 1915. Av dette huset vart det teke vare på ei stove som vart sett opp att som stolpabu. Tradisjonen fortel at Hans Nilsen Hauge skal ha talt i denne stova. I så fall må det ha vore medan huset stod i gamletunet ved bekken austanom linja. Haugestova står framleis på br.nr. 5, eigar nå Trond Nærland.

Gamletunet på Kvialen låg som sagt ved bekken austan-

nom linja. Men la oss for all del hugsa at det ikkje var nokon jernbane då. Tunstaden er avmerkt på kart 2 og låg på eit stykke som nå høyrer til gr.nr. 7. Stykket vert kalla Tuftehagen den dag i dag og det var mange merke etter tidlegare busetnad der då Nils Hatteland pløygde opp og rydda stykket omlag år 1950.

Frå gammalt av stod det att eit lite hus i gamletunet. Der budde Mari i Tuftene. Ho var ein gong skulda for å ha stolte mjøl frå kverna i Steinbakken (sør i marka



Bruk nr. 5 på Kvia . Til venstre er lloa frå 1834, midt i står Haugestova og til høgre er heimehuset. Lengt til høgre står heimehuset.

ved Bådavegen). Lensmann Hobberstad kom då til Kvia, rimelegvis i Tingstova, for å ordna opp. Då han såg Mari tok han henne fast i armen og ropa: Mari Mari, kva har du gjort!

Sønnafor tuftene, på jorda til br.nr. 1, var det i gammal tid eit stort sandtak der folk henta sand frå ein stu som var eit par meter høg. Og sørover langs jernbanelinja var det før ein høg, vid grushol som nå er køyrt ut og planert. Holen var mest like høg som på andre sida av linja og jernbanen gjekk i ei djup skjering. Holen enda i ein bratt bakke mot bekkesletta. Bakken vart

kalla Smihusbrotet. Og på sletta rett nord for bakken var smietufta til gamletunet, omlag rett nord for huset til Dagfrid og Henrik Birkeland. Der fortel morbror min, Peder Kvia at dei over eit nokså stort område fann mykje jernrestar i jorda i hans tid.

Den gamle løa på br.nr. 5 var bygd i 1834. Dette stod innskore i bjelkar i løa. Og løa vart nok bygd i samband med utflytting frå gamletunet og etablering av nye tun for dei 3 brukarane, Nr. 1, nr. 5 og nr. 7. Tradisjonane om Haugestova tyder på at ein flytta med seg hus til dei nye tuna. Utflyttinga har vel skjedd

i samband med ei utskifting. Det vert fortalt at den første som flytta, var br.nr. 1, seinare br.nr. 5 og til slutt br.nr. 7 som altså hadde gamletunet på si jord.

Det var også ei utskifting på Kvia omlag år 1910. Det var nok då særleg for å retta opp grenseliner og gamle vegar og markarægjer.

I førsten av 1800-talet vart det etablert mange nye husmannsplassar på Rongjå, dei fleste av br.nr. 7. Torgeir Edland skriv i Gards- og ættesoga under Kvia 35:

«Abraham var husmann på Rongen under Tørres Jesperson, br.nr. 5. Han var truleg den første som busette seg på Rongen og var komen der i 1825.»

Eldre husmannsplassar på Kvia var Gjerdå og Raudarudlå. Dette var to svært typiske husmannsplassar, den første der markene samla seg inn til «rægje» heim til tunet, den andre i grensepunktet mellom Kvia, Motland, Bø og Håland. Den siste som budde på Raudarudlå var Ingvald Hognestad. Me kalla han Rustaren. Namnet skreiv seg frå ein plass som heitte Rustå på Hognestad. Ingvald var ugift og døydde på Raudarudlå i 1954. Garden vart lagd til nabobruket som tilleggsjord. Plassen er nå rydda heilt vekk. Også Gjerdå er slått saman med eit nabobruk, men der står ennå huset att.

På same måten låg Varden heilt aust på Dysjaland. Husmurar, steingjerde, brunn m.m. låg temmeleg intakt i Varden like til for eit par år sidan då bonden på garden sette på moderne maskinar og køyrd vekk alt i hop. Den siste eg veit som budde i Varden, var Gunnar Tolleivson Kvia som døydde i 1891.

BONDEVENNNGARDEN

Gr. nr. 6 vart skipa i midten av 1870-åra då dei to brørne Tørres og Karl delte heimegarden, br.nr. 5.



Dei to søstrene Tora og Kari Aanestad står ved Tingsteinen på Kvia, truleg i 1940 åra.

Karl var ugift og søster hans, Guri g.m. Rasmus Aanestad, budde der og stelte for broren. I slutten på 1800-talet braut det ut tæring på Kvia. Karl og Guri døydde i 1889, Tørres i 1891.

Rasmus Aanestad vart buande på bruket på Kvia. Han og Guri hadde 2 søner, Hans («Bondevennen») f. 1887 og Tobias. Han var berre eit halvt år og vart teken heim til Ånestad då mora døydde. Der budde han til han var 12 år gammal. Rasmus gifta seg att i 1897 med Karen Lotte Lende. Ho vart mor til 5 jenter og 2 gutter.

Hans tok over garden då faren døydde i 1912.

Men han var mykje vekke, på skule og arbeid. Og det var stemora Karen som dreiv garden mest like til ho døydde i 1933. Ho og barneflokken budde på Kvia så lenge dei trong ein heim der. Hans levde heile livet



«Bondevennen» – redaktør Hans Aanestad. Bruk nr. 6 var hans heim.

som ungkar, døydde i 1968. Broen Anton var også ugift og budde i lag med Hans. Han var flink til allslags arbeid, både ute og inne. Eg minnest særleg kor fint han alltid hadde det i hagen. Der kunne me gå og kjøpa blomar når det skulle pyntast til festlege høve. Anton var den siste som budde på garden. Han flytta inn i ein trygdebustad eit par år før han døydde hausten 1985.

På br.nr. 5 overtok Tobias Tørreson garden etter mora i 1908. Han var altså søskenbarn til Hans og Tobias Aanestad. Han var også min morfar. Og mor mi, Margreta, fortalte mykje om det gamle Kvia. Mor

sa alltid «Der nord» om bondevenngarden. Og ho sa at dei to brukta hadde mykje felles etter delinga. M. a. hadde dei bakstebordet felles og bar det husimellom etter som det var bruk for det. Likeeins var det med pølsehorna og fleire andre daglegdagse bruksting.

Ho fortalte også om kor velstelt og veldrive det var hjå Der-nord så lenge det var ungdomar heime. Om gamle Rasmus fortalte ho at han ikkje var nokon driftig bonde. Han kunne tidt stoppa opp når han gjekk på garden og berre stå og sjå framfor seg «på timavis». Interessene hans gjekk nok i andre leiser. Det same galdt vel også sonen Hans. Men soga om han som redaktør og bladmann, veteran som togreisande og mykje meir er for lang å ta med her. Hans sin innsats for jærsk og norsk jordbruk er dokumentert på andre måtar.

Etter som åra gjekk vart gardsdrifta for mykje for Hans og Anton. Og frå omlag 1950 var det paktarar på garden. Då Hans døydde vart garden overteken av 3 søskenbarn, Ingebjørg Gudmestad sin son Torodd, Olina Romslo sin son Johan, og Karen Kvia sin son Reidar. Ingebjørg, Olina og Karen var alle søstre til Hans og Anton.


Det kunne vere mangt anna å fortelja om garden Kvia og folket der. Soga om husmannsplassane og husmansfolka, krigstida med store militæranlegg, kvernhus og torvskurd, jernbanen med anlegg, drift og vedlikehald, skogplanting, Gamle-Tobias sitt hagebruk, skytterbanen og skytterhuset og mykje anna kunne vere skrive om. Men det får vera til eit anna høve.



Her ligg det kålrot som skal vinterlagrast i dunge. Utsynet er mot Kviagarden bnr. 6 frå den staden der museumsbygget ligg i dag.




Dotter til Karen, Anna Aanestad på veg gjennom gardsrommet.



Kyrne var i det vesle fjøset før i tida og hønene trippa fritt rundt i gardsrommet. «Flink» var reinrasa Gjesdal buhund.

Karen Aanestad, kona på garden, er iferd med å vaska ull. Ulla blei brukt til å veva kvitlar (ullteppe).





Fjøset


Fjøset blei bygd i 1887 då det synte seg at driftbygningen frå 1878 vart for liten.

Fjøset hadde opprinnelig berre eit rom. Det var båsar ut til kvar langvegg, med måksterenna i midten. Under denne er det lannkum, murt av naturstein.

Etter siste krig blei det bygd eit tilbygg på fjøset til mjølkerom.

Fjøset blei restaurert i 1991 av byggmester Trond Nærland. Då blei taket og all ytre kledning skifta.

Museet har valgt å brukha fjøset til gris og høns. Det blei laga ny innreining til dette føremålet.



Heimehuset

Heimehuset blei bygd i 1878. Det er eit tømra hus, typisk for den hustypen som avløyste det klassiske jærbuset. Huset er bygd same året som Jærbansen opna. Det kan vera grunnen til at bygningane er lagt med stovene mot aust og jernbanen, istaden for mot vest.

Huset har to stover, kjøkken og kamers i 1.etasje. Opphavleg gjekk ein frå bislaget rett inn i kjøkkenet. Seinare er det panelt av ein gang.

I andre etasje er det snekkerverkstad, soverom og lagerplass for korn.

I kjellaren er det matbu, eldhus med grue og potekjellar.

Det er ikkje gjort store ombygningar i huset sidan det var nytt. I 1950-åra blei vinduene i stovene skifta ut med moderne to- og trefagsvinduer.

Også dette huset blei sett i stand i 1990–91. Taket blei reparert, veggkledningen mot sør blei skifta. Stovevinduene var så dårlege at også dei blei skifta ut, men då med nye av same 1950-tals type.

Reiskapshuset

Det er bygd vinkelrett på driftbygningen. Det stod først eit lite torvhus på denne staden. Det blei rive etter 2.verdenskrig.

Reiskapshuset blei restaurert i 1991 av byggmester Trond Nærland. Det blei lagt nytta sutak og skifta eindel veggkledning mot aust og nord.

Huset blir framleis brukt til reiskapshus.

Driftsbygningen

Dette er den originale teikninga av grunnplan og snitt til driftsbygningen som blei bygd på garden i 1878. Den blei ikkje bygd heilt etter planen, og bygningen blei også endra noko i åra etter.

Fra først av var det kufjøs i løa. Det er teikna åtte kubåsar og ein kalvegard. Men i 1887 blei det bygd frittståande fjøs. Då fekk sauene plass i løa.

Det blei bygd stall inn mot gardsrommet.

Kring 1940 blei gjødselrommet murt opp i stein og brukt til hønsehus

Driftsbygningen blei restaurert i 1989–1990. Den blei då sett opp som ei grindbygd løe.

Byggmester Trond Nærland beholdt dimensjonane på grinder og avstivarar slik dei var i den gamle bygningen.

Bruksmessig blei det gjort endringar. Stallen blei laga til brunnhus og ny stall er bygd i fjøset. Kufjøset blei innreidd slik det var på den opphavlege planen, men med fire båsar i kvar rekke.

Gjødselrommet er sett i stand og dekka etter dagens krav. Lannet blir ført til lannkummen i veslefjøset

